

BARNAS DAG BOLK

OM FILMANE

SAL 1
TORS DAG
11:00

NORA OG SUNNIVA

"Nora og Sunniva" er ein film som skildrar korleis det er å vere barn og blind. Filmen tar oss med inn i den unike verda til to jenter som navigerer livet utan syn. Gjennom deira auge får vi eit nytt perspektiv på kvardagen, og vi ser korleis dei bruker fantasi og lek for å overvinne utfordringar og skape si eige lykke.

SAL 1
TORS DAG
11:30

TODD OG SUPER-STELLA

Veslesyster Stella hatar alt ho ikkje kan. Det hjelper ikkje at storebror Todd alltid får til alt. Todd & Super-Stella gir eit ærleg innblikk i forholdet mellom eldste og minste sysken og ein oppvekst med kranglar, kjærleik og mislykka skiturar.



VOLDA STUDENT BOLK

Sissen er ei gammal rockestjerne som har fått påvist Alzheimers. Han er også pappa, og i denne dokumentaren kjem ein tett innpå korleis han og familien hans taklar det nye tilværet.

Kristin Evens har akkurat sloppe si første EP. Ho skal no spele si første konsert som hovudartist. Medan ho gjer seg klar strøymmer tankar og angst gjennom hovudet - det same tankemønsteret som EP-en har fått namnet sitt frå.

Den norske artisten Tyr har måtta overkomme utfordringar med rusmisbruk og heimløyse i jakta for å nå artistdraumen. No står han på kanten av suksess.

Filmen handlar om Willem Hooft, ein profesjonell kitesurfar som er lam frå livet og ned. Filmen er ein actionsportdokumentar som tek for seg Willem si historie frå ulukka og fram til i dag. Den handlar om korleis det er mogleg å snu ei dårleg situasjon til noko positivt, og å aldri gi opp!

Filmen her utspeler seg i Ankara i Tyrkia og handlar om ei familie frå Iran som blir deportert etter 10 år. Filmen er sett gjennom augo til yngstedottera, 7 år gamle Sare. Ho følgjer familien sine utfordringar i denne vanskelege perioden der dei desperat prøver å unngå deportasjon.

SAL 1
TORSDAG
15:20

**SISSEN-
PAPPA-
FATTERN**

**TANKE
KJØR**

SAL 1
TORSDAG
15:40

SAL 1
TORSDAG
15:50

**TYRS
VALS**

**LIMITLESS
A WILLEM
HOOF
STORY**

SAL 1
TORSDAG
16:05

SAL 1
TORSDAG
16:30

**SARE:
LIFE IN
EXILE**



TORSDAG 09. MAI

KL 13:45

SAL 1

+ samtale og Q&A med regissør

KUNSTBOLK

SAL 1
TORSDAG
13:10

**EX
NIHILO**

Olav Christoffer Jenssen er ein av Noregs mest anerkjente samtidskunstnarar. Gjennom fleire møte mellom regissør og kunstnar, utforskar filmen moglege krysningspunkt mellom deira kreative prosessar. Er det mogleg å finne, eller er premissa til filmen berre eit produkt av ein insisterande regissør som prøver å lage film om ein kunstnar?

SAL 1
TORSDAG
13:40

**KRONISK
DANS**

Dans er portrettet av Kristine Nilsen Oma og er historien om korleis ein ME-sjuk koreograf sette opp den største danseforestillinga på fleire tiår, same tida som ho låg i ei seng 20 timar om dagen.

SAL 1
TORSDAG
13:45

**KUNSTNER
NERS LIV:
SANDRA M
OG TORI W**

Sandra Mujinga og Tori Wrånes gjer enorm internasjonal suksess med sine alternative verder. Korleis bevarar dei roen og kjærleiken til seg sjølv? Nyskapande kunst og spennande moglegheita ventar i dette kunstnerportrettet.

OM FILMANE

SMÅ SAMFUNN BOLK

SAL 1
FREDAG
11:00

DET NORSKE SKATTE PARADISET

Innbyggjarane i den vesle bygda Bø i Vesterålen elsker heimplassen sin, men nedgangen i folketallet er ein stor trugsel for framtida deira. Ordføraren gjer kommunen til eit skatteparadis, i håp om at det skal føre til fleire arbeidsplassar og dermed fleire innbyggjarar. Dei lokale har delte meiningar om tiltaket. Vi kjem tett på dei varme, morsame og engasjerte menneska som bur i Bø. Filmen følgjer kommunen gjennom dei to fyrste åra som skatteparadis.

SAL 1
FREDAG
11:55

CORRE O VENTO

Vilar do Courel er ein svært liten landsby gjemt i fjellene i Lugo (Galicia, Spania), som med nokon siste pust motstår forsvinninga forårsaka av avfolkninga og aldringen av den landlege verda. Dei siste tre innbyggjarane her er vaktarane av ein tidlaus stad. Filmen viser dei vandrande gjennom si fortid og sjåande mot si framtid medan dei stend i ei tom, uroleg og skjør notid.

Kunstnaren Hanna Asefaw vaks opp med si eritreiske familie i ein kommunal bustad på Grunerløkka seint på 90-talet. No minnst ho denne tida gjennom hennar barndomsunivers attgjewe i miniatyr. Ho skildrar minner om tilhørslse, kultur, klasse og viktigheten av eit heim.

Med Blokka har den prisvinnande dokumentarfilmskaparen Aslaug Holm laga ein engasjerande film om det norske bustadmarknaden, og om kor makteslause menneske utan formue er i møte med dei brutale marknadskreftene. Dette er ein kritisk og medmenneskeleg dokumentar frå regissøren av "Brødre" og "Generasjon Utøya".

SAL 1
FREDAG
15:00

DET FINNES INGEN NABOER HER

SAL 1
FREDAG
15:15

BLO KKA

KVEN ER DU? BOLK

Kai er eit dokumentarisk portrett av ein ung mann som lever rett over polarsirkelen. I filmen møter vi Kai Bonsaksen, ein 24 år gammal skater frå Narvik-området. Kai bur i Bjerkvik, 30 minutt med bil utanfor den vesle byen, i ei gamal hytte bygd av besteforeldra hans. Her lever han, ung og åleine, med et skateboard til å glede seg.

KAI

SAL 2
FREDAG
11:00

Kinksters er ein poetisk dokumentar som dykkar ned i hjartet av BDSM-miljøet. Gjennom intime samtalar med menneske i miljøet, blir tema som fordommar, kjensler og openheit rørt ved. Bodskapet til filmen er å setje lys på openheit kring seksualitet og skape ein stad for nysgjerrigheit, forståing, og tabubryting.

**KINK
STERS**

SAL 2
FREDAG
11:25

Ein ung begravelsesagent, reflekterer over døden medan han tek vare på og sender ut liket av ein gamal mann. Dei Døde gir eit fascinerande innblikk i ein uvanleg arbeidsdag, der vi også slepp inn i hovudpersonens tankar om liv og død.

**DEI
DØDE**

SAL 2
FREDAG
11:40

SAL 2
FREDAG
11:40
**MODERN
SPEED**

Dette er ein dokumentar om spøkelsa blandt oss, og spøkelsa i våre eigne liv.

Å VERE EI DATTER BOLK

OM FILMANE

SAL 1
LAURDAG
19:33

PROJEKT PAPPA

Pappaen til Camilla er sjekkekunstnar og lærer andre menn å lykkast på Tinder. Han driv sjølvutvikling gjennom iskalde topplause turar inspirert av Wim Hof. Dotter Camilla er kunstnar og feminist, og det er ikkje mykje dei to er einige om. Kan dei likevel halde på eit sterkt band?

SAL 1
LAURDAG
20:05

SISTE KAPITTEL

Siste kapittel følger Frøydis, ei no 29 år gammal kvinne, som for ti år sidan braut all kontakt med faren sin etter ein vanskeleg barndom. Når ho får vita at faren har dødeleg kreft, står ho overfor ein vond emosjonell kamp. Filmen dykkar ned i Frøydis si indre uro og einsemd. Vi tek del i rørende samtalar med veninna og kjærasten, som begge gjer sitt beste for å hjelpe henne. No må Frøydis velge mellom å ta opp att kontakten med faren, eller skjerme seg for meir smerte.

SAL 1
LAURDAG
20:20

PAPPAS POPPY

Dokke, fitte og daddy issues - Pappas poppa er eit nært personleg portrett av korleis det har vore å veksa opp som kvinne.

SKEIV MAMMA

SAL 1
LAURDAG
17:30

Ines sitt største ønske er å bli mor, men ho er både lesbisk og singel. I Stavanger møter ho den gifte homofile dragartisten Mio, som deler foreldertraumen. Saman legg dei ein plan som vil endra livet deira for alltid. Denne dokumentarfilmen følger ein utradisjonell familie som blir til, og ei mor som får draumen sin oppfylt, men som likevel må innsjå at alt ikkje alltid går som planlagt.

OM FILMANE

SAL 1
TORS DAG
18:45

FEDRE LANDET

Med regissør Olins 85 år gamle far som guide, opplever vi Norges mest eventyrlige dal, Oldedalen i Nordfjord. Her har han vokst opp, og her har generasjoner før ham levd i balanse med naturen. Majestetiske bilder av ville fjell, kalvande brear og yrande dyreliv gjeng side om side med foreldras forteljingar om generasjonane som tråkka opp stiane, forholdet vi har til naturen og kva som er verdifullt i livet. Ein sterk naturoppleving som får ein til å ville springe ut i naturen og puste inn fjord og fjell sin.

SAL 1
TORS DAG
22:35

IBELIN

“Gameren” Mats Steen døde av ein muskelsjukdom berre 25 år gamal. Då sørgde foreldra hans over det dei trudde hadde vore eit einsamt og isolert liv. Plutsleg byrjar dei å få meldingar frå online-venner av Mats frå heile verda. Filmen gjenskar det rike livet til Mats sin avatar “Ibelin” i spelverda, på banbrytande vis. Ibelin er ein dokumentarfilm - der ekte spelhendingar er rekonstruerte. Alt er basert på verkelege hendingar og dialogar, henta frå tusenvis av sider med rollespill-logger i World of Warcraft. I tillegg får vi sjå unike arkivopptak frå oppveksten og intervju med fleire av venene Mats fekk gjennom spelet.

SAL 1
TORS DAG
20:45

BAGHDAD ON FIRE

Ein brennande forteljing, frå innsida, om håpa og draumane til den irakiske ungdomen. Tiva, ei 19 år gamal kvinne, møter dei enorme konsekvensane av å kjempe for demokrati, fridom og ei framtid. Venene hennar og ho er håpefulle. Dei er i fronten for den største ungdomsrørsla på 20 år, sidan USA invaderte landet og avsette Saddam Hussein. Ei soge full av håp og tru og mot og glede, men òg ei soge full av smerte og prisen som mot og kampen for fridom

OM FILMANE

SAL 1
LAURDAG
11:00

UKJENT LANDSKAP

Ein familie på seks lever eit utradisjonelt liv tett på naturen. Dei samsøvr, dyrkar eigen mat, og vil ikkje kasta bort tida på mobil og TV. Mest mogeleg saman, vil dei vere, men så rammar tragedien dem. Når mora dør blir livet svært vanskeleg. Motvillig må dei innordne seg det moderne samfunnet igjen. Ukjent landskap er ei nær historie som rører vårt ansvar overfor jorden, våre barn og våre livsvalg. Om å miste det kjæraste ein har og korleis finne tilbake til livet etter sorgen.

SAL 2
LAURDAG
12:35

THE TAKE OVER

I denne filmen følger vi kvinner gjennom eit år etter at Taliban tok makta i Afghanistan.

Kor går ein hen når vegen synast å ta slutt? Elisabeth er ei ung, aktiv og humørfylt bergensk kvinne som har fått diagnosen metastatisk brystkreft. Prognosene for sjukdommen er at ein sannsynlegvis ikkje lever meir enn eit par år etter ein har fått diagnosen. Ikkje lenge etter ho sjølv blei diagnostisert, blir far hennar, som ho har eit godt og nært forhold til, au alvorleg kreftsjuk. Dette er ei sterk historie om ei kvinne som aldri ser ut til å gi opp. Ei kvinne som heile vegen leitar etter både vakre og morosame perspektiv og opplevingar.

SAL 1
FREDAG
19:45

ELISABETH PÅ TVERS

Kor vart det av Simen Braathen sin sykkel? I jakta på tyven fører ei rekkje usannsynlege hendingar til eit uventa venskap. Filmen maktar på rørende og morosamt vis å fortelje mykje om forholdet mellom oss menneske. Den er inspirerende, og byr på eit gledeleg innblikk i eit unikt venskap, som ikkje er utan bekymringar.

SAL 1
FREDAG
21:55

SYKKEL TYVEN

“Ændal frå munn og folkesjel” er ein kort dokumentarfilm på 50 minutt som utforskar dialekten og den folkelege identiteten i Ændal. Dialekten avslører stadens historie og kultur, og skapar ein sterk tilhørsle blant innbyggjarane. Gjennom historier om byen, viker, strender og lokale miljø viser dialekten ulike samfunnsgrupper og deira livsstilar. Denne filmen tek for seg tydinga av Ændals dialekt og korleis ho bind folket saman.

SAL 2
FREDAG
10:00

ÆNDAL FRA MUNN TIL FOLKESJEL

SAL 1
FREDAG
19:15

PLANDET HER

Anne lever eit annleis liv enn dei fleste 25-åringar. Hausten 2022 forlét ho storbylivet og kjøpte eit småbruk på Fjellværsøya. Vi besøkjer ho eitt år seinare og utforskar kven denne kvinna er og kva eit slikt val inneber.

SAL 1
FREDAG
17:00

LIFE IS BEAUTIFUL

Den unge palestinske regissøren Mohamed Jabaly besøkar ein filmfestival i Tromsø i 2014, då grensene til Gaza stengjer. Han finn seg no fast i den arktiske vinteren. Lite visste han at det skulle gå sju år før han kunne sjå familien sin att.

OM FILMANE

Den forunderlege historia om Anders Lange, oppstarten av Fremskrittspartiet, og ikkje minst kva dette hadde med hundar å gjere. Det er ei pussig historie om den fargerike Anders Lange, samt klassekamp, oppvekst, lidenskap, pengemangel, avis - og ikkje minst hund.

**ANDERS
LANGE
OG DEN
POLITISKE
HUNDEN** SAL 2
LAURDAG
13:30

Ola er ein 30 år gammal mann med lett utviklingshemming, som bur i den inkluderande landsbyen Vidaråsen utanfor Tønsberg. Etter å ha mista ein viktig del av livet sitt, reflekterer Ola rundt sitt eige sjølvstende og det å kjenna seg trygg nok til å vera den ein er.

**OLA
EN HELT
VANLIG
UVANLIG
FYR** SAL 1
TORS DAG
15:40

Hausten 2022 drog Eirik Hansen saman med fleire av sine beste vener til Arunachal Pradesh i det nordaustlege India. Dei ville utforske sideelvane til sjølv Brahmaputra. Djupt inn i Himalayas jungel venta eit skikkeleg eventyr. Ekspedisjonen var lagt rett etter monsunperioden, og vassstanden var høg. Vanlegvis er det ei velsigning for elvepadlarar, men no viste det seg òg å vere ei stor utfordring.

**CALLING OF
ARUNACHAL** SAL 1
LAURDAG
19:40

På Grünerløkka i Oslo står landets mest populære bordtennisbord. Her driv ein gjeng ildsjeler frå heile verda Oslo Street Ping Pong. Etter kvart som miljøet har vakse, har også forholdet til bydelen blitt meir anstrengt. Fleire av spelarene har nemleg eit noko liberalt forhold til rus. Når det blir vedteke at Schous plass skal bli mer barne- og familievenleg, heng både bordtennisborda og fellesskapet i ein tynn tråd.

**PING
PONG
FAMILY** SAL 1
LAURDAG
13:15

“Hatar du å vere med menneske?” ble filmskaperen konfrontert med da ho beskrev seg sjølv som introvert. Fra første scene blir ein sugd inn i dette vakre universet med litt stille menneske. Som ekstrovert sjåar er det fengslende å få større innblikk i korleis hovudet til ein introvert kan fungera. Filmen er poetisk, men samtidig nedpå og utan flosklar.

**STILL
FERDIG
HET** SAL 2
LAURDAG
10:20